



# Hareid Idrettslag

## Årsmelding – hovudstyret



# 2017

# Hareid Idrettslag

## Årsmelding for 2017 frå Hovudstyret

**Styret** har sidan årsmøte i 2017 hatt slik samansetjing:

Leiar:	Vegard Gjerde
Nestleiar:	Harald Møller
Styremedlem	Ceciie Bjørlykke
Styremedlem	Jeanette Teigene
Styremedlem	Ann Magritt Bjåstad Vikebakk
Varamedlem	Bernhard Harkjerr
Varamedlem	Cecilie Skeide

Hovudstyret har hatt 7 møter og handsama i alt 44 saker, blant anna

- a. Det har vore arbeidd vidare på planane om fotballhall. Ei forprosjektgruppe med medlemmer frå Hareid kommune og HIL (Harald Møller og Sindre Breivik) har utarbeidd tilbodsdokument. Ei intern prosjektgruppe har utarbeidd kravspesifikasjon til hallen. Kommunestyret godkjende bygging av hallen i budsjettet for 2018, og arbeidet skal etter planen settast i gang i vår. Styret takkar den interne prosjektgruppa for innsatsen. Det er planen at den nye hallen vil vere klar for bruk til komande vinter. På grunn av manglande framdrift etter budsjettvedtaket i desember, fryktar vi at igangsetting blir forseinka.
- b. Arbeidet med å registrere alle medlemmar i NIF sitt datasystem «Minldrett» har vore omfattande også i 2017, og er framleis ei viktig oppgåve for administrasjonen i laget og gruppene. «Minldrett» brukar vi for medlemsregistrering, innkreving av medlemskontingent og treningsavgifter.
- c. Avtalen med SMN Regnskap AS om rekneskapsføring har ikkje svart til forventningane. Styret har derfor vedteke å gå over til eit web-basert system, der vi sjølve kan utføre store delar av rekneskapsføringa med støtte frå RG Regnskap AS. Om nødvendig kan vi tilsette ein kontormedarbeidar i 50 % stilling.
- d. Det er inngått leigeavtale med Hareid og Omegn Skeiseklubb om leige av rullleskeisebana. Denne sikrar stell av baneområde. Saman vurderer vi å etablere «Tuftepark» innom sjølve banerundingen.

- e. Retningslinjer frå NIF om
  - Seksuell trakassering
  - Handsaming av personalopplysningar og informasjonssikkerheit
- f. Avtale med Hareid og Ulstein Lions klubb vedrørande «Mitt valg», eit program for haldningskapande virke. Sonja Bjørlykke og Solveig Husby er HIL sine representantar. 10 mars blir det kurs for lagleiarar og tillitsvalde om dette emnet.
- g. Renovering av dei to gamle garderobane i klubbhuset var budsjettert med og tenkt gjennomført i 2017. Grunna manglande kapasitet hos rådgjevar er ikkje dette gjort. Det er no innhenta tilbod frå entreprenørar, og arbeidet vil kome i gang straks. I denne samanheng vil det bli etablert to tilskodartoalett med inngang utanfrå.
- h. Vi vil inngå 10-årig leigeavtale med Hareid kommune for plassering av sponsorreklame på/i den nye fotballhallen, med inntil kr. 600 000 pr år.

I Hareid Idrettsråd er HIL representerte med Vidar Vollsæter (leiar) og Vegard Gjerde (sekretær).

Etter den nye lova gjeldande frå 2015, er det kjønnsbalanse i styret.

## Medlemskap

### Aktive medlemmar Hareid IL 2017

Alderstrinn	Menn				Kvinner				Gruppa
	5-12 år	13-19 år	20-25 år	26 - år	5-12 år	13-19 år	20-25 år	26 - år	
<b>Badminton</b>				5					5
<b>Fotball</b>	99	53	16	58	46	40	4	26	342
<b>Fridrett/Trim</b>	11	10		7	4			3	35
<b>Handball</b>	8	6		3	30	30	10	17	104
<b>Turn</b>	18		1	4	81	7	3	21	135
<b>Støttemedl.</b>									91
<b>Heile laget</b>	136	69	17	77	161	77	17	67	712

## Økonomi

Med vising til rekneskapen er styret tilfreds med at økonomien i laget framleis er god. Samla driftsresultat for hovudlaget og klubbhus blei kr. 202 201. Overføring frå hovudstyret til gruppene var kr. 600 000 (utanom overføring til klubbhuset). Overforbruket på kostnadar er først og fremst kostnadar til drakter (namnetrykk) og rekneskapshonorar. Budsjettert renovering av garderobar i klubbhuset blei ikkje utført, men utsett til 2018.

Samla rekneskap for heile HIL viser

- Driftsinntekter kr. 4 341 961
- Driftskostnadar « 3 894 160
- Driftsresultat kr. 460 618

### **Aktivitet - sluttord**

Aktiviteten i dei fleste gruppene har vore høg, og talet på aktive medlemmer har auka jamt dei seinare år. HIL er framleis den største frivillige organisasjonen i Hareid. Å rekruttere og halde på trenarar, lagleiarar og andre tillitsvalde er ei stor utfordring for heile laget. Det er grunn til å tru at krav frå NIF og offentlege institusjonar i framtida vil krevje meir av idrettslag som HIL.

Hareid, 8. mars 2017

Vegard Gjerde  
leiar

Harald Møller  
nestleiar

Cecilie Bjørlykke

Jeanette Teigene

Ann-Magritt Bjåstad Vikebakk

Anita Waage  
dagleg leiar